

Masfjorden kommune

Dato	03.08.2023
Vår referanse	2022/58526-12
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Signe Gudveig Rauboti
E-post	Signe.Gudveig.Rauboti@vlfk.no
Telefon	92639736

Sams eigarstrategi for Gløde utvikling AS

Vi syner til vårt felles eigarskap i Gløde utvikling AS, og kontaktar dykk for å høyre om det er interesse for å utarbeide ein sams eigarstrategi for eigarskapen vår i Gløde utvikling AS. Vi tek i første omgang berre kontakt med dykk som er kommunale eigarar.

Fylkeskommunen vedtok i fjor ein strategi for fylkeskommunen sin eigarskap i dei åtte arbeidsmarknadsbedriftene vi har eigarskap i, sjå vedlegg til brevet. Strategien vart utarbeidd delvis som ledd i oppfølging av ein gjennomført kontroll av fylkeskommunen sin eigarskap i desse bedriftene. Eit av fylkestinget sitt vedtekne oppfølgingspunkt i samband med kontrollen omhandlar at vi i det vidare bør syte for å utarbeide ein sams eigarstrategi med dei andre eigarane av arbeidsmarknadsbedriftene.

Dersom dette er noko kommunen vil vurdere å vere med på, så ber vi om å få tilsendt kontaktinformasjon for ein eller fleire personar som kan vere med i eit innleiande møte. Informasjonen sender de til: post@vlfk.no, med underteikna som kontaktperson.

I Gløde utvikling AS er det Alver kommune som er den største eigaren, og vi ser det som naturleg at Alver kommune har ei hovudrolle i det vidare arbeidet.

Med helsing

Signe Gudveig Rauboti
seniorrådgjevar
ORO - Juridisk seksjon

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Felles eigarstrategi for arbeidsmarknadsbedriftene med innarbeidde endringar etter vedtak i fylkestinget

Mottakarliste

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Austrheim kommune	Sætre marka 2	5943	AUSTRHEIM
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE